



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2011

April • Årgang 18



## Rett frå dunken

### 50-lapp for hageavfall



Prisane for levering av avfall på SIM sine miljøsentralar er dei same i 2011 som i 2010, med unntak av hageavfall. Frå og med 1. mai 2011 vil det kosta 50 kroner å levera hageavfall tilsvarende det ein får plass til på ein «vanleg» biltilhengjar. Tidlegare har det vore kostnadsfritt å levera. Årsaka til prisauken, er at SIM har mykje etterarbeid med hageavfallet.

For anna avfall gjeld at:

- Minsteleveranse (1 sekk) kostar kr 45.
- For mengder opptil 1,5 m<sup>3</sup> (det du får oppi 15 bossekker) er prisen kr 150.
- For mengder frå 1,5 til 3 m<sup>3</sup> kostar det kr 300.

Større mengder vert avrekna etter vekt eller volum. Miljøsentralane har betalingsterminal.

EE-avfall, farleg avfall, plastemballasje og folieplast og glas- og metallemballasje kan leverast kostnadsfritt.



# Dunk i vegen på fortau

– Irriterande å måtta snu av di det står bosdunkar på fortauet, seier rullestolbrukar Anne-Jofrid Skibenes og oppmodar folk om å dra dunkane heim etter tømning.

## Bosdunkar på fortau er eit problem for rullestolbrukar Anne-Jofrid Skibenes på Leirvik.

– Det kan vera vanskeleg nok å koma seg opp på eit fortau med rullestol. Ekstra irriterande er det å måtta snu av di bosdunkar står i vegen, seier Skibenes.

Ho veit at det ikkje er lov å plassera dunkane ute i vegen. Difor er beste løysinga å dra dunkane heim så snart som praktisk mogeleg etter at bosbilen har vore og tømt.

– Dette gjeld alle stader, eigentleg. Tenk på dei som bur ved tømme-staden. Også dei ynskjer å ha det reint og fint rundt huset. Lat ikkje dunken stå ute i dagevis etter tømning, oppmodar Skibenes.

SIM samtykker og viser til forskriftene som kommunestyret har vedteke. I dei heiter det at «Abonnementen skal bringa behaldaren tilbake frå tømme-stad til oppstillingsplass same dag som tømninga har funne stad.»



# Reinare og ryddi



Sjåfør Mariusz Kucharycz.

## Kontakt oss ved manglande tømning

Meld frå så snart som råd dersom bosbilen køyrer forbi utan å tømme dunken din. Det er enklare å ordna ekstratømming når bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

### Slik melder du frå:

Austevoll, Kvinnherad og Tysnes: Tlf. 95 25 35 20.  
Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio: Tlf. 95 25 35 15.

Melding kan også sendast elektronisk på [www.sim.as](http://www.sim.as).

## EE-avfall til miljøsentral eller forhandlar

Kasserte elektriske- og elektroniske produkt skal ikkje kastast i bosdunken. Slikt avfall må leverast på miljøsentralen eller til forhandlar av slike produkt. Det er kostnadsfritt å levera. I EE-avfallet er det kvikksølv og bly. Kvikksølv skadar nervesystem og arvestoff og kan føra til misdanningar hjå born. Bly kan føra til hjerneskadar, skadar på nervesystemet, nyre- og leverskadar og gje redusert sædqualität.



## Farleg avfall til miljøsentralen

Restar av måling, lim, lakk, olje, sprayboksar, løysemidlar og andre typar farleg avfall skal leverast inn på miljøsentralen. Det er forbode å kasta slikt avfall i bosdunkane.



Anne-Marie Stokken (framme), Tove Malkenes og Gunn Iren Sælevik ryddar langs ein byggdagv i Fitjar.

**Er du ein av dei som irriterer deg over bos i nærområdet? I så fall kan det vera ein god idé å få med naboane på rydding. Mykje kan gjerast på ei kveldsstund.**

SIM har høve til å støtta dei to ryddetiltaka som er omtalte nedanfor.

### Ryddeaksjon 2011

Dette er den årlege ryddeaksjonen for *vellag, burettslag og andre grupper av frivilljuge* som ynskjer å rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. Døme kan vera

buområde, nærområde, turstigar, skogsteigar og strender.

Påmelding skjer på [www.sim.as](http://www.sim.as). SIM sender sekker til å samla boset i. Dette er spesielle sekker som berre kan nyttast i denne ryddeaksjonen. Avfallet må ryddarane sjølv frakta til ein av SIM sine miljøsentralar, men det er kostnadsfritt å levera.

Skular, barnehagar, næringsverksemder og arrangør av tilstelling kan ikkje vera med på denne ryddeaksjonen, men SIM kan vera med og diskutera andre løysingar for desse.

# gare nærmiljø

## Rydd Sunnhordland

Parallelt med den årlege ryddeaksjonen går «Rydd Sunnhordland», som er eit litt «annleis» ryddetiltak.

I «Rydd Sunnhordland» ber SIM folk *melda frå* om område som er forsøpla og treng rydding. SIM vil deretter prøva å finna ut kven som «eig» boset, hjelpa vedkomande i gang med ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Den

som melder frå treng med andre ord ikkje rydda sjølv, det er nok å tipsa. Døme på område me ynskjer melding om, er villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

«Rydd Sunnhordland» er finansiert gjennom SIM sitt miljøfond. For 2011 er det sett av kr. 500 000 til føremålet.



Gjennom ryddeaksjonen «Rydd Sunnhordland» får SIM tips om mange område som treng opprydding.



Meir informasjon og elektronisk påmelding: [www.sim.as](http://www.sim.as)

## Laber interesse for plastsortering

SIM er i gang med eit prøveprosjekt på innsamling av plastemballasje i Fitjar kommune. Målet er å finna ut om abonnentane ynskjer å sortera ut plastemballasje, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få plasten henta heime hos seg. Vil dei det, kan plastinnsamling bli eit permanent tilbod i alle SIM-kommunane.

Førebels er det laber interesse. Etter at gratisperioden var over og abonnentane måtte betala eit årsgebyr på kr 375, ville berre 8 % av abonnentane vera med vidare. Prøveprosjektet vil halda fram ut 2011.

Abonentar i dei andre SIM-kommunane kan be SIM om å få tilsendt storsekker til å samla plastemballasje i. Sekkene kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralane. Sorterer du ut plast, kan det henda du klarar deg med ein mindre restavfallsdunk. Dermed kan det vera pengar å spara på gebyret.

*I løpet av 2011 vil det bli avgjort om henting av utsortert plast skal bli eit permanent tilbod i SIM-kommunane, fortel Olaf Skram.*



## Restavfallet brenn i Bergen

Restavfall frå SIM-kommunane har sidan årsskiftet blitt sendt til energiutnytting (brenning) i BIR sitt forbrenningsanlegg i Rådalen i Bergen. Energien som blir produsert er med og held bergensarane varme.

**Papiret** frå SIM-kommunane vert sendt til Danmark og Tyskland og omgjort til nytt papir.

**Matavfallet** vert til kompostmold i Svartasmoget.

*Restavfallet frå SIM-kommunane går no til forbrenningsanlegget i Rådalen i Bergen.*



## Naudtømming av slamtank

Ekstratømming av slamtank utanom ordinær rute kan tingast hos SIM og vert fakturert for seg. Tanken skal vera tømt seinast 24 timar etter bestilling.

Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



Einar Brevik har kompostert matavfallet frå SIM sine eigarkommunar. No er kompostjorda klar for hage og blomebed.

# Mengder av kompostjord

**Det er no du skal slå til: SIM har store mengder grøderik kompostjord og plenblanding for sal på miljøsentralane.**

Produkta er laga av bioavfall og populære som jordforbetningsmiddel i hagar og bed. I fjor selde SIM meir enn nokon gong.

Prisen er den same i år som i fjor: Kr 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder. Du må sjølv ha med tilhengjar.

I Svartasmoget og på Husnes kan du få hjelp til å lasta molda på tilhengjar. Dette kostar kr. 75. På dei andre miljøsentralane må du lasta molda sjølv med handmakt.

*Plenblandinga* er halvt om halvt med kompostjord og sand og kan såast i direkte. *Kompostjorda*, derimot, er så kraftig at den bør blandast med anna jord før planting.

### Den enkle hugseregelen

For at eit produkt skal kunna kastast i ein av SIM sine returpunkt for glas- og metallemballasje, må det ha vore anten *mat* eller *drikke* på det. Så enkel er hugseregelen.

### Kjeldesortering på framandspråk

SIM har laga kjeldesorterings-retteleiing på 10 ulike språk. Alle kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as)

### Dunkane følger eigedomen

Dersom du flyttar eller sel huset, må du ikkje ta bosdunkane med deg. Dunkane følger eigedomen, ikkje huseigaren, og er registrert på gards- og bruksnummer i SIM sin kundebase.

## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:

Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

SIM